

# Møtereferat

**Møte:** Tlf møte AU Nord-Norge  
**Tid/Sted:** Fredag 29.09.17 kl 9 – kl 11  
**Tilstede:** Svein Slåtsveen, Endre Østbø, Bjørn-Arne Skoglund, Ragnhild Engan, Bente Børsheim, Birgitte Rørvik-Bruun, Merethe Sund og Svein Inge Jakobsen  
**Forfall:** Fred Tore Fagereng  
**Kopi til:** Vara AU, leiargruppa region Nord og Tor Olav Brandtzæg  
**Referent:**

Molde, 29.09.2017

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	<p><b>Orientering frå styremøte 26. – 27.09</b> Merethe orienterte om bakgrunn og årsak for NOVA-prosjektet. 69 % av prosjektet er gjennomført, men utfordrande å halde stram tidsplan. Auka kostnader har kome på. Meir info på AU-samlinga.</p> <p>Totalmarknad: Prisløype storfe har hatt veldig god verknad, og er no endra. Gris: Bekymring med gris på lager, sett i gang ribbetiltak. Lam: 0,5 kg lågare slaktevekt enn i fjor, god marknadsdekning. Sau: Låg pris pga låg avsetning. Ulike signal frå næringa om produksjonsutviklinga.</p> <p>Omstillingsordning rugeegg under arbeid pga utfordrande kyllingmarknad. Dekkast av kyllingfondet og Nortura. Verdistrategi kvitt kjøt: Rapport vert lagt fram på AU-samlinga. Har vunne EMV-kontrakt på kylling hos Meny.</p> <p>Storfekjøttproduksjon: Ambisjon om auke på 4 500 i ammekutalet pr år fram til 2025. Befolkningsutvikling, forbruksvaner, import, m.m. vert no sett på for å vurdere om ambisjonen skal ligge fast.</p> <p>Driftsresultat: Skal ha fokus på utgått liggetid, sortiment, personalkostnad, m.m.</p> <p>Hå rugeri: Nortura eig 51 %. Samarbeidet er kontrollert av Konkurransetilsynet i 10 år, er oppheva no. Bioco.fabrikk: Planlagt proteinfabrikk med opning 2018. Angus-avtale med Prima Jæren: Meirpris til produsent med nokre kriterium, m.a. avstand til anlegg. Meirkostnad dekt av Prima Jæren. Halalslaktning: Nortura har avtale med Islamsk Råd Norge (IRN), avventar kva som skjer med deira støtte frå kulturdepartementet. Reklameutgifter: Fordelt med 76 % på raudt kjøt og 24 % på kvitt kjøt. Livdyrtransport: Vert jobba med.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar:</u></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Har vi vore for dårlege til å involvere og få med ansatte på NOVA-prosjektet?</li><li>• Mange som sluttar med sau no i Troms og Nordland. Oppbygging i andre delar av landet.</li><li>• Vert det sett på leveringsdyktigheit som ledd i fokus på driftsresultat?<ul style="list-style-type: none"><li>◦ Svar: Ja, under utgått liggetid i samhandling med grossistane.</li></ul></li></ul>	
2	<p><b>Status aktivitetsplanlegging i ressursgruppene</b> AU orienterte om erfaringa med arbeidet:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Ragnhild: Småfe har hatt effektivt tlf møte, utarbeidd skisse, vegen blir til mens vi går.</li></ul>	

- Bente: Gris har hatt tlf møte, mykje er ferdig planlagt frå før. Innhenta innspel frå Norsvin Troms.
- Bjørn-Arne: Egg har hatt møte, planlegg fagsamling saman med FK.

**Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.**

---

### 3 Status kretsarbeidet

AU orienterte om status for oppfølging av kretsutvala med høyring av konsernstrategi og aktivitetsplan:

- Svein: Fylgjer opp sine ansvarskretsar.
- Endre: Har sendt mail, vil fylgje opp med telefon. Skal ha møte i sin krets neste veke.
- Ragnhild: Skal snakke med sine kretsleiarar, skal ha møte i sitt kretsutval.
- Bente: Har hatt møte i sitt kretsutval, skal kontakte dei andre kretsane når aktivitetsplanen er utsendt.
- Birgitte: Skal ha møte i sitt pilotområde 16.10., fylgjer opp dei andre
- Bjørn Arne: Skal ha møte i sitt pilotområde 17.10, fylgjer opp dei andre.

**Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.**

---

### 4 Planlegging av regionutvalsmøtet 07. – 08.11

Brit Kari orienterte om forslag til køyreplan.

Innspel/kommentarar:

- Gruppearbeid knytt til dyrevelferd kan vere positivt, får bryte opp dagen og lettare å ta ordet.
- Greit å ta ein diskusjon i grupper. Kretsvis med binding til AU-medlem.
- Svein vil lage forslag til gruppeoppgåver.
- Underhaldning: Arne Flatmo spele? Pål Løvås og Svein Inge synge? Nortura SPA ☺ Historieforteljing. Takk for maten-tale. Brit Kari ynskjer innspel.
- Brit Kari sjekkar flytider for Silje Laugsand Pynten, sender ut tidsramme for AU-møtet i forkant.
- Nord-Norge trekk: Svein har sendt svarbrev til Martin Ness. Trine Hasvang Vaag orienterer i RU-møtet

Svein/  
Brit Kari  
AU

Brit Kari

**Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.**

---

### 5 Ressursar til storferådgeving

Svein Inge orienterte om svarbrev frå styret. Nortura har samarbeidsavtale med TINE på storferådgeving. Behov for å implementere betre samarbeid. Rådjevareffektivitet er berekna basert på antal ammekyr og antal storfeslakt. Utfordrande med reiseavstandane i region Nord. Christer Skreslett er tilsett som ny rådgjevar på fleire dyreslag. Innvilga støtte frå Fylkesmennene til forprosjekt for storfeprosjekt i Finnmark og Troms. Ynskjer ei prosjektstilling som skal dekke begge prosjekta.

Spørsmål/kommentarar:

- Kva er moglegheitene for meir ressursar til storferådgeving i region Nord?
  - Svar: Må finne gode samarbeidsformer med TINE

**Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.**

---

### 6 Informasjon frå Medlem og Drift region Nord

Svein Inge orienterte om 7 000 færre småfe slakta hittil i år enn i fjor med litt lågare snittvekt, 300 storfe meir, 200 gris færre. Auke på Bjerka, men nedgang i Målselv. Auka sal så langt i år av lam.

Svein har gått gjennom alle SMS vedk livdyr frå rådgjevar i TINE i Finnmark frå januar til september, får ca ein pr måned. Har vidaresendt til Birgitte. Er effektiv måte å kommunisere. I Nortura må vi vere aktive sjølve, har ikkje SMS. Behov for å relansere livdyr, for å setje formidlinga i eit betre lys? Vore gjennomført brukarundersøking?

Svein Inge svarte at vi har vorte betre, med betre samhandling og tlf møter inkl transportplanleggarane. Meir informasjon på neste AU-møte med medlemssenterleiar Silje Laugsand Pynten. Birgitte kontaktar Silje med info om kva AU etterspør.

Livdyrtransport: Svein Inge har sett på avtalane med transportørane og mogelegheitene for transport for andre enn Nortura. Må sjåast nærare på formuleringane. Prissetjing er snittpris, korte avstandar vil "sponse" lenger avstandar. Skal gå gjennom transportavtalane og stykkprisane i løpet av året. Fylgjast opp i neste AU-møte.

Spørsmål/kommentarar:

- Korleis er snittvekta på storfe?
- Skuldast auke i storfeslaktinga dårlegare avlingar?
  - Svar: Har slakta noko frå Trøndelag
- Er småfetalta samanlikna med 2015? Kan vere nokon som har slutta?
- Er ikkje bra med mange aktørar som vil formidle livdyr.
- Kvifor skilnad i livdyrtransportpris mellom region Nord og resten av landet?
- Korleis går det med salet av Vega-gris?

**Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.**

---

7 **Orientering frå arbeidet i fagutvala**

- Ragnhild: Fagutval småfe har ikkje hatt møter.
- Bente: Fagutval gris har hatt møte seinast i dag tidleg. Jobbar med marknadsføring av antibiotikafri gris, dyrevelferd, m.m.
- Bjørn-Arne: Fagutval egg har hatt fleire møter. Omstillingsprosessen i fokus, fulltegna avtalar for ombygging, mange interessert i nyetablering, fått avtale med Orkla om leveransar av eggpulver, produktutviklingsgruppe egg for auka forbruk, premiering av gode produksjonsresultat, nytt forskningshus på Ås.

**Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.**

---

8 **Eventuelt**

Endre hadde to spm:

- Nyheitsbrev til ansatte også til tillitsvalde?
  - Svar: Ansatte får nyheitsbrev frå Arne Kristian Kolberg ca ein gong for månaden. Det meste som står der, står også i Eierbrev som vert utsendt etter styremøta + ved behov.
- Korleis gjekk det med rettssaka mot Finnmark Rein?
  - Svar: Ei tøff veke, forventar dom 20. oktober. Meir info til AU i neste møte.